



## Notat

Dato: 06.04.2018  
Arkivsak: 2017/15118-30  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Hans-Christian Engum

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### **Ber om innspel - Detaljregulering for Fjellbergsambandet - Kvinnherad kommune**

Det har vore dialog om vegstandard mellom Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunen, og partane har vorte einig om at ein SA2 standard er tilstrekkeleg. I plankartet er det lagt inn SA2 standard med tilhøyrande tilbod til mjuke trafikantar. Samferdselsavdelinga stiller seg positiv til val av vegstandard, men tek atterhald om endringar i samband med fråvikshandsaminga der det vert gjort ein samla risikovurdering.

Vi legg stor vekt på å skilje mjuke og harde trafikantar og viser til at plankartet opererer med 2 meter til G/S-veg. Vi legg til grunn at heile arealet vert nytta til dette formålet og at skulder kjem i tillegg. Vegbanen og G/S-veg må skiljast med skråstilt kantstein for i størst mogleg grad hindre at G/S-veg vert nytta av køyretøy og til parkeringsareal. Vi ber om at krav til bredde og skilje frå vegbanen vert teke inn i planføresegna.